

Kunstig Intelligens (KI) og etikk - Nytt hovudet, og sunn fornuft

- **Du er forfattar av eige verk!**

Du er like fullt forfattar av eige verk, også etter at fleire KI-verktøy er gjort tilgjengeleg.

- **Drege nytte av KI-verktøy sin innsats?**

Sjølvsagt heilt i orden, for saman blir vi gode. Men hugs å oppgi kjelde der du har drege nytte av anna enn dine eigne tankar og idear. Du ville vel ikkje likt om andre tok æra for alt det gode du hadde utforma, ville du?

- **Hjelpemidlar – heilt ok!**

På same måte som du er sjåfør i eigen bil eller eigen sykkel, uavhengig av kor mange hjelpemiddel du har til rådighet, er du sjåfør og ansvarleg for at hjelpemidla fungerer godt nok. Automatiserte fjernlys kan gjere feil, det same kan KI verktøy.

- **KI – som dialogpartnar**

Vi seier ja takk til å ha fleire å diskutere og snakke fag med. Men ikkje stol meir på KI-baserte dialogar enn du ville gjort med familie eller venner, sjølv den beste KI-venen kan ta feil frå tid til anna.

- **Ta eit medviten val!**

Kva nytte vil du ha av KI-verktøyet her? Er den nytten berre ein snarveg til målet, eller ein reell støtte til verket ditt og læringa di?

- **Kunnskap er makt!**

Du som forfattar av verket har eit ekstra ansvar for å vite at det du fortel vidare er korrekt. Ikkje stol på at ulike KI-verktøy er av same oppfatning, dei formidlar det dei trur er rett. Nokre gonger er det korrekt, det dei formidlar. Andre gonger er dei heilt på jordet!

- **Nettvett!**

På same måte som du ikkje dreg på Tinderdate utan å tenkje deg om, skal du heller ikkje godta all informasjon og hjelp utan vidare. Hugs at mange KI-verktøy baserer svara sine på den informasjonen den har tilgong til, og denne informasjonen er ikkje alltid den beste. Er svara og dialogen KI verktøya kjem med korrekt? Samsvarer dette med det du veit frå før?

- **Som eit kvart anna verktøy!**

KI-baserte verktøy er ikkje ulik andre verktøy og kjelder. Vurder innhaldet og sjølve programmet som du ville gjort med andre kjelder.

- **DITT VERK! DITT ANSVAR!**